



## Reguleringsføresegner detaljregulering

Plan: <b>Høgda Kvammen</b> - del av gbnr 86/1, 86/2 m.fl.	Planid: <b>14282019004</b>	
	Arkiv nr.: <b>16/612</b>	
Utarbeidd av: Flataker Landskap	Oppdragsgjever: Askvoll kommune	Sign. :
Vedtak/Stadfesting:  KOM-077/20	Dato org. føresegner:  20.08.2020	
	Siste revisjon:	
Avskrift	Sign.:	
Endringar	Dato:	Sign.:

### 1 AREALBRUK

1.1 Planen viser følgjande arealformål:

#### Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr 1)

- Bustader, frittliggende småhus BFS (sosikode 1111)
- Bustader, konsentrerte småhus BKS (sosikode 1112)
- Energianlegg, nettstasjon BE (sosikode 1510)
- Renovasjon, bossoppstilling f\_BRE (sosikode 1550)
- Uteoppholdsareal, felles f\_BUT (sosikode 1600)
- Leikeplass, felles f\_BLK (sosikode 1610)

#### Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)

- Køyreveg, offentleg o\_SKV (sosikode 2011)
- Fortau, offentleg o\_SF (sosikode 2012)
- Gang-/sykkelveg, offentleg o\_SGS (sosikode 2015)
- Annan veggrunn teknisk, offentleg f\_SVT (sosikode 2018)

Grønstruktur (tbl § 12-5 nr 3)

- Grønstruktur, felles f\_G (sosikode 3001)

Landbruks-, natur og friluftsområde samt reindrift (tbl § 12-5 nr 5)

- Landbruksføremål, LL (sosikode 5110)

Sikringssone (tbl § 12-6 pkt a.1)

- Frisiktssone ved veg (H140)

Faresone (tbl § 12-6 pkt a.3)

- Høgspent (H 370)

## 2 FELLESFØRESEGNER

### 2.1 Felles uteoppholdsareal og leik

Områda f\_BUT1, f\_BUT2, f\_BUT3 og f\_BLK1, f\_BLK2 er felles for alle bueiningane i feltet.

### 2.2 Automatisk freda kulturminne

Ved funn av det som kan vere automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stoppast og det skal takast kontakt med fylkeskommunen, jf. lov om kulturminne § 8,2 2. Det gjeld både i anleggsperioden og seinare.

### 2.3 Overvatn

Overvatn skal handterast ut frå 20-25% auke i nedbørsmengde i høve normalperioden 1961-1990. Ein skal så langt råd nytte lokal overvasshandtering på tomtene. Gjennomføring av tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggjeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terrenget eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.

Ved byggesøknad skal det leggast ved plan for overvatn.

### 2.4 Anlegg i veggrunn

I regulert veggrunn er det tillate med anlegg og innretningar som er naudsynte for drift og vedlikehald av veganlegg, samt leidningar for vatn, avløp, straum o.l.

### 2.5 Bygningar og terrenge

Der terreneskilnaden på tomta før planering er meir enn 3,0 meter mellom oppside og nedside bygg, skal bygget førast opp med underetasje.

## 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

### 3.1 Bustader, frittliggende småhus BFS

I område merka BFS1 – BFS5 på plankartet kan det førast opp eine- og tomannsbustader, eventuelt med utleigedel, med tilhøyrande garasje og uthus.

Maks utnyttingsgrad: %-BYA=35 %.

Tillate bygghøgder: maks mønehøgde: 9 m, maks gesimshøgde: 8 m

Nye bygg skal som hovedregel byggast med lengderetning som vist på plankartet. På kvar tomt skal det opparbeidast minimum 100 m<sup>2</sup> privat uteoppholdsareal med helling mindre enn 1:3.

På følgjande tomter skal bustader ha alle hovedfunksjonar på inngangsplanet: nr 6, 7, 8, 13, 17 og 18. Minimum 50 m<sup>2</sup> av det private utearealet på desse tomtene skal vere universelt utforma og ligge i nivå med inngangsplan.

Garasje bør vere i underetasje der det er mogeleg. Ved frittliggjande garasje er det ikkje tillat med opphaldsrom.

Tillate storleik garasje og uthus: mønehøge: 4,0 m, gesimshøgde: 3,0 m, BYA=50 m<sup>2</sup>.

Det skal opparbeidast minimum 2 parkeringsplassar pr. bueining.

### **3.2 Bustader, konsentrerte småhus BKS**

I område merka BKS1 på plankartet kan det førast opp fleirmannsbustader, rekkehus med tilhøyrande garasje og uthus.

Maks utnyttingsgrad: %-BYA=45 %.

Tillate bygghøgder bustad: mønehøgde: 7,0 m, gesimshøgde: 7,0 m

Garasje bør vere i underetasje der det er mogeleg. Ved frittliggjande garasje er det ikkje tillat med opphaldsrom.

Tillate storleik garasje og uthus: mønehøge: 4,0 m, gesimshøgde: 3,0 m, BYA=50 m<sup>2</sup>.

Det skal opparbeidast minimum 2 parkeringsplassar pr. bueining.

### **3.3 Energianlegg BE**

I område merka BE1 på plankartet kan det førast opp nettstasjon.

### **3.4 Renovasjon BRE**

Område merka f\_BRE1 - f\_BRE4 på plankartet er sett av til felles bossoppstilling.

f\_BRE1 er felles for tomt nr 1–8 og 17-19

f\_BRE2 er felles for tomt nr 9-16

f\_BRE3 er felles for tomt nr 20-27

f\_BRE4 er felles for tomt nr 28-32

## **4 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **4.1 Køyreveg**

o\_SKV1 - o\_SKV5 er regulert til offentleg køyrevegar.

Nye vegar i planområdet skal ikkje byggast med stigning brattare enn 1:10.

Svingen i nord (o\_SKV2) skal byggast med stigning maksimal 1:15, dersom ikkje spesielle tilhøve gjer dette vanskeleg.

#### **4.2 Fortau**

Regulert fortau o-SF1 langs o\_SKV2 skal byggast med stigning maksimalt 1:15, dersom ikkje spesielle tilhøve gjer dette vanskeleg.

#### **4.3 Gang-/sykkelveg**

Regulert gang-/sykkelveg o\_SGS1 skal ha fysisk stengsle for biltrafikk.

#### **4.4 Annan veggrunn**

Annan veggrunn er areal til grøfter og skråningar. Slike areal skal jordslåast og stellast til i samband med bygging av veganlegget.

#### **4.5 Avkørsle**

Avkørsle til tomter skal avgrensast til 5 meter breidde, grøfteareal skal vere definert og avgrensa mot tomta. Av- og påkøyring til dei ulike tomtene er vist med symbol på plankartet. Desse er retningsgjevande og kan avvikast i samband med byggesøknad, dersom ein oppnår ei betre totalløysing.

#### **4.6 Vegsikring**

Det skal etablerast naudsynt vegsikring (rekkerwerk) langs austsida av o\_SKV2, aust for gbnr 86/42. Det er elles krav om naudsynt vegsikring der høgdeskilnad krev dette.

### **5 GRØNSTRUKTUR**

#### **5.1 Grønstruktur**

f\_G1 – f\_G3 kan tilretteleggast med snarveg/sti utan spesielle krav til stigning på grunn av bratt terregn.

### **6 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE SAMT REINDRIFT**

#### **6.1 Landbruksføremål**

Område LL1 og LL2 er regulert til LNF landbruk.

### **7 OMSYNSSONE**

#### **7.1 Sikringssone, frisiktssone ved veg**

I frisiktsonene skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

#### **7.2 Faresone, høgspenningsanlegg**

H370\_1 er faresone høgspenningsanlegg. Tiltak i sona må avklarast med netteigar.

## **8 REKKEFØLGJEKRAV**

### **8.1 Uønska framande artar**

Forskrift om framande organismar skal leggast til grunn for alt arbeid som omfattar vegetasjon og jordsmønn.

Før igangsetting av byggje- og anleggsarbeid skal ein ha tilstrekkeleg oversikt over uønska framande planteartar, mellom anna parkslirekne, i området. Massar med uønska artar skal primært handterast lokalt og på godkjent måte, etter plan godkjent av kommunen.

### **8.2 Teknisk infrastruktur**

Det skal utarbeidast plan for teknisk infrastruktur for veg, vatn og avløp for heile planområdet samla før det blir gjeve byggjeløyve til bustader på tomtene 1-19.

### **8.3 Felles uteoppahldsareal og leikeplass**

Før det blir gjeve bruksløyve til bustader på tomtene 1-19 skal felles uteoppahldsareal (f\_BUT) tilsvarande 50 m<sup>2</sup> pr bueining vere tilgjengeleg og minimum 100 m<sup>2</sup> leikeplass (f\_BLK) vere ferdig opparbeidd.

\*\*\*